



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Stein Byrkjeland, 5557 2114

Dispensasjon frå verneforskrift - Alver - 81/11 - Risøy - flytebrygge - Erik Sæbø

Vi viser til skriv frå Alver kommune av 6.11.2020, der kommunen sender over ein søknad om flytebrygge på gnr 81/11 til vurdering. Tiltaket er planlagt i kanten av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, som vart oppretta ved kongeleg resolusjon i juni 2020.

Søknaden gjeld oppføring av ei flytebrygge i betong på 8,0 x 2,4 m, med landgang og 2 utliggarar. Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Risøy hyttefelt er sett av til småbåthamn. Kommunen vurderer tiltaket å vere i samsvar med planen, men planen er eldre enn vernevedtaket.

Lovgrunnlag og vurdering

Tiltak av denne typen er omfatta av verneforskrifta for det marine verneområdet. Sjølv om tiltaket er i samsvar med godkjend reguleringsplan, er det rett av kommunen å sende søknaden til fylkesmannen for vurdering etter verneforskrifta. Sjølv om tiltaket kan seiast å vere lite og avgrensa, føreset det at fylkesmannen som forvaltningsmynde for verneområde gir dispensasjon frå verneforskrifta.

Verneforskrifta § 5e seier at fylkesmannen kan gje dispensasjon frå verneforskrifta til småbåthamner medrekna m a flytebrygger og fortøyningar. Verneområdet vert avgrensa av undersjøisk kote 2 m under sjøkartnull. Delar av tiltaket vil då truleg vere aktuelt like utanfor den faktiske vernegrensa, men oppankring og fortøyning kan bli aktuelt inn i verneområdet. Vi finn det difor rett å handsame søknaden som ein dispensasjonssak.

Vi vurderer tiltaket til å vere lite og avgrensa, og det er planlagt i eit område som allereie har fleire flytebrygger knytt mot eksisterande hyttefelt på land innanfor. Vi kan ikkje sjå at dette einskilde tiltaket vil vere negativt for verneføremålet i nemneverdig grad, og finn det såleis rett å innvilge dispensasjon frå verneforskrifta under føresetnad av at miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (§§ 8-12) er innfridd.



Vår vurdering etter desse miljørettsprinsippa er slik:

Vi har generelt god kunnskap om naturfaglege førekomstar i dette verneområdet, sjølv om vi ikkje har detaljkunnskap om akkurat det omsøkte arealet. Tiltaket er så avgrensa og lite at vi ikkje ser grunn til å krevje ekstraordinær naturfagleg vurdering for å kunne ta stilling til søknaden. Det er heller ikkje i slike strandnære område dei viktigaste verne kvalitetane i Lurefjorden finst. Vi meiner såleis at vi har tilstrekkeleg kunnskap til å kunne avgjere saka (§ 8), og føre-var prinsippet (§ 9) er mindre aktuelt å bruke. Tiltaket er planlagt i eit område som frå før har ein del påverknad både på land og i sjø, og vil neppe tilføre vesentleg auke i samla belastning i området (§ 10). Vi reknar ikkje med at miljøet vert særleg forringa om tiltaket vert realisert, så § 11 er lite aktuell. Heller ikkje § 12 er særleg relevant med mindre mudring eller sprenging er naudsynt, noko vi gjer rekning med det ikkje er.

Vedtak

Fylkesmannen gir dispensasjon frå § 5e i verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde til det omsøkte tiltaket, under føresetnad av at realisering av tiltaket ikkje føreset omfattande anleggsarbeid eller terrengtilpassing som ikkje er omtalt i søknaden. Oppankring på botnen må skje på stader som ikkje øydelegg viktige naturførekomstar, og må ikkje skje lenger ut i det marine verneområdet enn naudsynt. Ut over dette ser vi ikkje grunn til å sette spesifikke vilkår for gjennomføringa.

Klage

Dette er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Fylkesmannen i Vestland, og må vere sendt innan 3 veker etter at klagar er gjort kjend med vedtaket.

Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Erik Sæbø Øvre Lønborg 40 5039 BERGEN